

Høgre og landbrukspolitikk

Etter eit landbrukspolitisk møte på Finnøy for eit par veker sidan er underteikna sitert på fleire utsagn som eg ikkje kjenner meg igjen i, og eg finn det difor nødvendig å komma med ei presisering av kva eg har sagt og meint.

På eit spørsmål frå møteleiaren om korleis ein kunne auka inntektene til bøndene samstundes som ein reduserte overføringane frå staten, så viste eg til Sauda som eit eksempel, der 83 bønder sökjer om produksjonstillegg og kun eit fåtal eller kanskje berre to er heiltidsbønder. Med dagens fart på nedlegging av bruk (ca 1000 pr år), så seier det seg sjølv at ved generasjonsskifte og at bygningane på bruken vert nedslitne og umoderne, så vil det bli færre bønder og færre til å dele "kaka". Det er ingen fleire bønder som treng å stenge fjordøra om Høgre kjem i regering etter valet på mandag enn om Ap sit som storebror i ei raudgrøn regierung. Høgre er det fremste næringspartiet, og er svært opptekne av å gi både bønder og andre næringsdrivande langsiktige og forutsigbare vilkår for å driva næring.

Eg er også sitert på at bøndene skulle ha sugerøyr i statskassen. Det eg gjorde, var å svare på eit spørsmål frå salen om korleis ein kunne heva bøndene sin status. Eg svara då at for at bøndene IKKJE skal bli oppfatta som nokon gjer, til å ha sugerøyr i statskassen, så er det

viktig at bøndene prøver å stå mest muleg på eigne føter og kjenna seg som sjølvstendig næringsdrivande.

Eg har aldri verken sagt eller meint at bøndene har sugerøyr i statskassen. Tvert om, så er bøndene den yrkesgruppa i landet vårt som arbeider mest for si velfortente lønn. Og, eg er til overmål ein av dei bøndene som tek imot fleire hundre tusen i året, og eg har ikkje dårleg samvittighet ein plass for det.

For Høgre er det eit viktig mål at me klarer å produsera meir mat i dette landet. For å få det til, så er det nødvendig at også store produsentar og samdrifter som har landbruk som sitt einaste levebrød får ein økonomi som gjer at også dei kan investera i moderne produksjonsutstyr og overleva i det lange løpet. Verken som bonde eller høgropolitikar er eg uroa for den norske bonden si framtid. Får ikkje bøndene større problem enn at Høgre kjem til makta, så kan de gå framtida lyst i møte.

Nokre journalistar er meir interesserte i å laga tabloide overskrifter enn å få fram fakta, muleg at det sel godt, og skaper debatt, men særleg nytlig utanom det er neppe slike oppslag.

Bonde og høgropolitikar
Ivar Tangeraas

festivalar og scener.

Uttrykket "sty" er eit dialektord frå Tinn som tyder dansemoro, og det er nettopp musikken og dansen frå Tinn som dannar grunnlaget for repertoaret til STY. Konsertane er akustiske og har som mål å framføre den tradisjonelle solistiske slåttemusikken, songen og

Litauen.

Vi gler oss til ein kveld der vi har det kjekt i lag, og der vi blir enda betre kjende med kvarandre.

Janneke Wijgergangs
Ryfylkemuseet og
Introduksjonstjenesta i Suldal

Med Restauration gjennom Hell Gate til Det Lova Landet

Onsdag 11.09 blir det forteljarkonsert på kulturhuset, og Songarlaget opptrer for første gong dette året saman med Mark Laurenson på fele og forteljar Anne Elisebeth Skogen. Forteljinga handlar om emigrantskipet Restauration som i 1825 segla ut frå Stavanger hamn med kurs for Amerika. Om bord var over femti menneske, både barn og vaksne frå Ryfylke, Stavanger-området og Nord-Jæren. Dette blei innleiinga til den store norske utvandringsbølgja som gjennom 1800-talet førde så mange som 800 000 nordmenn over Atlanteren.

Anne Elisebeth og Mark har vore både på forteljarfestival i Etne og på pub-kveld på Nesflaten med denne forteljarkonserten. På Nesflaten deltok og Richard Burgess med song og concertina (lite trekkspel), og elles har Anne Elisebeth hatt forteljarførestillinga fleire stader i Rogaland, om bord i



Restauration, ein kopi av originalbåten bygd på Finnøy, og ho har turnert i USA. Men bare ein gong før har eit kor medverka. Det var i Washington. No vil altså Songarlaget vera med og formidla den spektakulære reisa frå Norge til Amerika for snart to hundre år sidan. Framsyninga blir i allrommet på Kulturhuset, og Kulp gir høye til å kjøpa kaffi og litt å bita i etterpå.

Anne Elisebeth Skogen

Vakttelefon 40 20 42 42

Suldalsposten

Postboks 114, 4239 Sand
Telefon: 52 79 05 90
Fax 52 79 05 91
www.suldalsposten.no

Kjem ut onsdag og fredag
Org. nr. 971511648 MVA
E-post: redaksjon@suldalsposten.no
annonsse@suldalsposten.no



Redaktør/dagleg leiar:
Astrid Espeland
Tlf. 52 79 05 90/970 51 120
astrid@suldalsposten.no



Redaksjonstleiar:
Esther Moe
Tlf. 52 79 05 92/970 51 122
esther@suldalsposten.no



Journalist:
Marta-Brit Lunde
Tlf. 52 79 05 94/970 51 123
marta.brit@suldalsposten.no



Journalist:
Toyni Tobekk
Tlf. 52 79 05 95/970 51 125
toyni@suldalsposten.no



Annonsesal:
Nora Bogetvedt Janssen
Tlf. 52 79 05 93/991 68 087
nora@suldalsposten.no